

# Kommuneplanen sin samfunnsdel

2021 – 2033



*Teikning av Eirin,  
Dalsbygda barnehage*

# Kommuneplanen - kort fortalt

*Kommuneplanen er Fjord kommune sitt overordna styringsdokument, og skal setje retning for utviklinga av kommunen fram til 2033.*

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel.

Samfunnssdelen innehold dei langsiktige hovudmåla for Fjord kommune både som samfunn og organisasjon, og kva strategiar vi skal følgje for å nå måla. Kommuneplanen har fleire gjennomgåande omsyn: folkehelse, klima og miljø, areal, likeverd, innovasjon og beredskap. Det skal takast omsyn til desse punkta i all planlegging.

Kunnskapsgrunnlaget består av faktainformasjon, og peikar på viktige forhold som skal skape felles forståing for situasjonen i dag og utfordringar i framtida. Kunnskapsgrunnlaget ligg til grunn for samfunnssdelen.

Måla i samfunnssdelen gir føringer for arealdelen, som viser kvar vi skal bygge bustader, næringsbygg, grøntanlegg, turstiar og anna. Arealdelen er juridisk bindande.

Samfunnssdelen skal følgjast opp av underliggende planar som konkretiserer prioriteringar og tiltak. Sentrale planar er budsjett- og økonomiplan med samfunnssdelen sin handlingsdel, temaplanar, strategiar og einingsplanar.

## Hovudpunkt i planen

- Visjon og mål
- FN sine berekraftsmål og berekraftig utvikling
- Ein kommune i utvikling – utfordringsbildet
- Gode vekstvilkår – vilje til endring

### Målsetjingar

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester

Planen er utarbeidd utifrå kunnskapsgrunnlaget, og medverknadsprosessar som innbyggerundersøkingar, workshop med kommunestyret og høyringsrunde.

# Visjon og mål

Fjord kommune sin visjon «*Gode vekstvilkår*» er eit ønske om vekst på mange samfunnsområde, som resultat av involvering frå innbyggjarar, næringsliv organisasjonar, frivillige og kommunen og utvikling av samfunnet i kommunen

Visjonen peikar på fleire kvalitetar vi ønskjer skal prege kommunen vår:

- Livskraftig
- Skapande
- Nær
- Raus
- Berekraftig

## Mål

Vi har fire hovudmål for utviklinga av Fjord som samfunn og kommuneorganisasjon:

1. Vidareutvikle det gode livet
2. Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen
3. Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk
4. Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidssretta tenester

***Gode vekstvilkår***  
***- livskraftig, skapande,  
nær, raus og berekraftig***



# FN sine berekraftsmål og berekraftig utvikling

*Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge for korleis framtidige generasjonar skal få dekka behova sine.*

Å arbeide for berekraftig utvikling handlar om å arbeide innanfor tre dimensjonar:

- sosial, økonomisk og klima og miljø.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Hovudmåla i denne planen bygg på dei tre dimensjonane for berekraftig utvikling.

Fjord kommune skal vere ein berekraftig kommune, der det er lett å leve miljøvenleg. Det betyr mellom anna:

- Engasjerte innbyggjarar som har kunnskap om korleis vi skal ta vare på naturen og ønskjer å delta i det grøne skiftet.
- Følgjande tema skal vere gjennomgåande i alt planverk: grønt skifte, folkehelse, mangfald og integrering.
- Omlag hundre nøkkelindikatorar for smarte og berekraftige byar og lokalsamfunn er kartlagt, og kommunen har ein offisiell rapport for berekraftstatus frå ITU (FN).
- Aktiv tilpassing til klimaendringane.
- Klima- og energiplan er utarbeidd i samarbeid med kommunane omkring og Sunnmøre regionråd.



# FN sine berekraftsmål

Dei tre berekraftsdimensjonane er utgangspunktet for hovudmåla.

På same måte som berekraftdimensjonane heng saman og påverkar kvarandre, må vi også sjå kommuneplanen sine hovudmål i samanheng for å lykkast med å utvikle Fjord til eit meir berekraftig samfunn.

## God helse og livskvalitet



Innbyggjarundersøkinga rangerer berekraftsmål 3 som viktigast for Fjord kommune.

## Samarbeid for å nå måla



Berekraftsmål 17 – samarbeid for å nå måla – er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for å nå dei andre måla.

Vi må arbeide saman for å oppnå ei berekraftig og heilskapleg utvikling av kommunen.

Berekraftsmål 3 og 17 er difor gjennomgåande i alle Fjord sine hovudmål.



# Ein kommune i utvikling - utfordringsbildet

## Føringar og rammer

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert ramma inn av lover, føresegner, politiske vedtak og overordna styringssignal frå stat, fylke og kommune, og av kommunen sin økonomi.

Føringar som har vore viktige i arbeidet med samfunnsdelen:

- Regjeringa sine nasjonale forventningar
- Regional og kommunal planlegging
- Statsforvaltaren sine forventningar til kommunal planlegging
- Interkommunalt samarbeid
- Planprogram og planstrategi

## Samfunnstryggleik

Fjord kommune skal vere trygg å bu i, men vi skal samstundes vere budd på kriser eller uønskte hendingar. Vi skal sikre lokalsamfunnet ved kriser og alvorlege hendingar gjennom oppdatert planverk, og jamne øvingar. Heilskapleg ROS-analyse skal følgjast opp gjennom handlingsdel og arealplan, og reviderast jamleg.

## Nye utfordringar skaper behov for omstilling og taktskifte

Samfunnet vårt endrar seg heile tida – og endringstakta er stadig raskare. Dette er krevjande sidan det tar tid å omstille seg.

Folketalsutviklinga er ein faktor som gjer at vi må tenkje nytt. Det vert født færre born i alle bygdene våre, medan gruppa eldre aukar. Dette vil få konsekvensar for korleis vi innrettar tenestene våre. Det vert færre som treng barnehage og skuletilbod, og fleire som har behov for omsorgs- og helsetenester. I tillegg bur vi spreidd, noko som gjer det meir krevjande å legge opp dei kommunale tenestene – både for unge og eldre.

Det skal vere ei høgt prioritert oppgåve for kommunen at dei som bur her skal trivast og ha det godt.

Å stoppe ei negativ folketalsutvikling må vere eit prioritert mål, og det må arbeidast godt på fleire områder. Mellom anna blir aktiv næringspolitikk svært viktig. Det skjer mykje spennande innan lokalt næringsliv, og kommunen må vere i stand til å følgje opp dette og legge til rette for ny vekst og fjern-arbeidsplassar.

Skal vi lykkast i dette, må vi også ha ein bustadpolitikk som er tilpassa innbyggjarane og vi må arbeide for betre kommunikasjoner. Det må bli enklare for innbyggjarar og næringsliv å forflytte seg – både innanfor kommunen og innan bu- og arbeidsmarknadsregionen vår.

# **Ein kommune i utvikling - utfordringsbildet**

## **Kommunen som samfunnsutviklar**

Rolla som samfunnsutviklar handlar om å legge til rette, mobilisere, setje strategisk retning og vere ein samlande og koordinerande aktør i Fjord-samfunnet. Kommunen må også vere ein pådrivar når det gjeld å mobilisere innbyggjarar, brukarar, næringsliv, politikarar, frivillige organisasjonar og andre. Å utvikle gode lokalsamfunn er ei oppgåve som må løysast i samarbeid mellom det offentlege, det private og det frivillige.

Vi har fått mange gode innspel frå innbyggjarane underveis, og hovudmomenta er tatt inn i planen.

Fjord kommune må verte den beste utgåva av seg sjølv. Vi skal arbeide for ei positiv endring, og medverke til å utvikle heile arbeids- og sørvisregionen som kommunen er ein del av. Vi skal vere ein samskapingskommune der vi saman arbeider for ei positiv utvikling.

Kommune-Norge er i ein fase med store digitale endringar. Fjord har utarbeidd sin eigen digitaliseringsstrategi der visjonen er å utvikle ein kommune med gode, digitale innbyggjaropplevelingar. Kommunen er med i eKommune-samarbeidet, og er ein del av Digi Møre og Romsdal. Framover må vi arbeide målretta både med teknologi og organisasjonsutvikling.

## **Kommunen som tenesteleverandør**

Vi skal bidra til å nå måla vi har sett oss ved å ha gode og målretta tenester med rett kvalitet. Med utvikling, forbetring og endring av kommunale tenester, skal vi levere tenester på ein berekraftig måte også i framtida.

Vi skal bevege oss frå å vere utførar til å også å bli ein tilretteleggjar i større grad, ved å ha fokus på auka sjølvhjelp og meistring. Vi skal også bruke innovasjon og velferdsteknologi til å auke omsorgskapasiteten og sikre god livskvalitet for innbyggjarane heile livet, utan å miste verdien av menneskeleg kontakt av syne.

## **Kommunen som planmynde**

Som planmynde skal kommunen gi føreseielege føringar i arealplanlegginga gjennom å følgje opp mål som vert gitt i samfunnsdelen i det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel og i plan- og byggesaker.

Vi skal - utvikle det vekstkraftige  
- ta vare på det uerstattelege  
- motverke det utenkelege

# Gode vekstvilkår – vilje til endring

Fjord kommune har store ressursar. Reinheimen Nasjonalpark, Geirangerfjorden verdsarv, landskapsvernområde, fleire naturreservat og levande setrar er kvalitetsstempel som vitnar om eit fruktbart og vakkert landskap. I 2029 skal Valldal, som startpunkt for pilegrimsleia frå Valldal til Dovre, vere vertskapsstad for Nasjonaljubileet 2030 – Norge i tusen år. Naturressursane vil også i framtida ha stor betydning. Det er viktig å ha gode planar for å forvalte desse verdiane, og å finne god balanse mellom bruk, vern og næringsutvikling/ verdiskaping.

Samfunnsdelen peikar ut retningar som gjer at vi kan oppleve at visjonen vår – gode vekstvilkår – blir meir enn berre eit vakkert slagord.

Om vi skal få til dette må vi både sjå moglegheiter og vere visjonære, samstundes som vi er realistiske og jordnære. Folk skal ønske å bu her, og vi skal tilby gode tenester gjennom livsløpet. Næringslivet skal ønske å etablere seg her.

Skal dette bli ein realitet, må vi legge til rette for det. Det betyr at vi må ha ein god bustadpolitikk, ei god arealdisponering og gode kommunikasjonar, både innanfor kommunen og mot omverda. Vi må også ha gode kommunale tenester og eit samfunn som er tolerant og har rom for mangfold.

Fjord kommune er avhengig av samhandling med nabokommunane, og godt samarbeid er av stor tyding. Regionalt samarbeid vil vere avgjerande for å løyse fleire viktig oppgåver og for å utvikle framtidsretta løysingar, spesielt sett i høve til berekraftsmåla.



# Hovudmål 1 – Vidareutvikle det gode livet



Fjord kommune ønskjer å vere eit sosialt, berekraftig samfunn som er prega av tillit. Her skal du vere trygg og kjenne at du høyrer til, og ha tilgang til gode som arbeid, utdanning og gode nærmiljø. Folkehelsearbeidet er eit viktig element i dette arbeidet.

Her skal vere godt å bu og leve. God helse og utjamning av sosial ulikskap er nøkkelfaktorar. Vi skal arbeide for å hindre utanforskap, og skape fellesskap. Vi skal vidareutvikle særprega våre, og synleggjere kva som gjer Fjord til ein interessant kommune for ulike grupper.

Barn og unge skal sjå tilbake på oppveksten sin med glede. Godt skuletilbod gir eit godt grunnlag for vidare læring og for vaksenlivet. Kultur- og fritidstilbod bør vere variert slik at fleire kan finne sin plass.

Vi skal legge vekt på å bygge opne og tolerante miljø, slik at ein kjenner seg inkludert uavhengig av bakgrunn. I særleg grad skal vi ta oss av dei mest sårbare.

I Fjord kommune skal vi snakke godt om kvarandre. Nytiflyttarar skal bli ønskt varmt velkomne, og bli inkludert i samfunnet. Samstundes ønskjer vi å halde kontakt med studentar, utflytta ungdom og fritidsinnbyggjarar.

Det er fire hovudtema som peikar seg ut etter alle innspela og høyringsrunden: behov for møteplassar, transport mellom bygdene og den flotte naturen vi har rundt oss.

Frivilligheita er ein viktig ressurs og bidragsytar i arbeidet med å skape det gode lokalsamfunnet. Kommunen skal vidareutvikle det gode livet saman med frivilligheita, og vere ein god støttespelar slik at frivilligheita kan nå sine mål.

I Fjord kommune skal det vere tilgang til ulike bustadar for alle livsfasar. Vi skal særleg legge vekt på at eldre skal kunne bu heime så lenge dei kan – og at yngre menneske skal finne eigna bustad.



## Fjord kommune har eit trygt og godt oppvekstmiljø

<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle born og unge har kompetanse som gir godt grunnlag for vaksenlivet</li> <li>Alle born og unge kan delta i organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar</li> <li>Varierte ungdomsaktivitetar og møteplassar med tilpassa skysstilbod</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Etablerer skyssordning for ungdom</li> <li>Samarbeider om å skape ungdomsmøteplassar</li> <li>Samarbeider om gode tenester innanfor barnehage og skule</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeider systematisk og tverrfagleg</li> <li>Arbeider på tvers av tenesteapparatet</li> <li>Har fokus på tidleg innsats</li> <li>Oppdaterer kunnskap om oppvekstfaktorar</li> <li>Har godt samarbeid med lag og organisasjonar</li> <li>Brukar opptrappingsplan for barn og unge si psykiske helse i førebyggande arbeid</li> </ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Fellesføresegner knytt til born og unge</li> <li>Utarbeide gode medverknadsopplegg for born og unge</li> <li>Vurdere trafikkstøy på utsette områder</li> </ul>

## Fjord kommune har godt samhald og gode møteplassar

<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innbyggjarane opplever eit nært og trygt lokalsamfunn der alle kjenner seg heime</li> <li>Innbyggjarane er stolte av Fjord kommune</li> <li>Innbyggjarane framsnakkar kvarandre</li> <li>Innbyggjarane føler seg inkludert og akseptert</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har gode møteplassar i og på tvers av bygdene</li> <li>Søker fleksible kommunikasjonsløysingar mellom bygdene</li> <li>Arbeider for god kollektivtransport</li> <li>Har felles innsats for å motverke utanforskap</li> <li>Har godt samarbeid med lag og organisasjonar</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har oversikt over behovet og utfordringane innanfor kollektivtilbodet</li> <li>Arbeider for å etablere transportløysingar internt i kommunen</li> <li>Har oversikt over folkehelsetilstand og utanforskap</li> <li>Gratis utlån av kommunale lokale til lagsaktivitetar</li> </ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	

## Hovudmål 1 - Vidareutvikle det gode livet

Fjord kommune har eit variert kulturliv		Fjord kommune har eit stabilt folketal	
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meiningsfull fritid for innbyggjarar i alle aldrar</li> <li>• Innbyggjarane har god folkehelse forma av samspelet mellom natur, kultur og helse.</li> <li>• Ein aktiv frivillig-politikk som verdset den viktige innsatsen på mange samfunnsområder</li> </ul>	<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innbyggjarane har lyst til å bu i Fjord</li> <li>• Alle har ein god og trygg bustad</li> <li>• Fjord kommune har eit godt omdømme</li> <li>• Tilflyttarar vert møtt og inkludert på ein god måte</li> <li>• Innbyggjarane kan leve det gode livet</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godt samarbeid mellom frivilligheita og kommunen</li> <li>• Godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og kulturliv</li> <li>• Arbeider aktivt med reforma «Leve heile livet»</li> <li>• Har gode prosessar for planarbeid som involverer frivillige aktørar</li> </ul>	<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bustadar for alle livsfasar, inkludert gjennomgangsbustadar og ledige tomter</li> <li>• Godt og variert fritids- og tenestetilbod</li> <li>• Innbyggjarane kan ha eit trygt og variert arbeidsliv</li> <li>• Opplæring og hjelp i digitale tenester</li> <li>• Profileringsarbeid overfor studentar og arbeidssøkarar</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktiv kulturkalender</li> <li>• Møtearenaer for dialog og samarbeid</li> <li>• Støtter opp om frivilligheita</li> <li>• Har ei aktiv frivillig-politikk</li> <li>• Driv eit aktivt folkehelsearbeid</li> </ul>	<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Driv aktivt bustadsosialt arbeid</li> <li>• Har ein aktiv næringspolitikk</li> <li>• Samarbeider med lag og organisasjonar</li> <li>• Synleggjer kommunen gjennom ny nettside</li> </ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samordning med aktuelt planverk</li> <li>• Universell utforming</li> </ul>	<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ledige bustadtomter i alle bygdene</li> <li>• Areal for å dekke bustadsosiale behov</li> <li>• Ledig næringsareal</li> <li>• God samordning av arealbruk og transportsystemet – universell utforming</li> </ul>

<b>Fjord kommune utviklar ein sunn bustadmarknad</b>	
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Her er bustader og tomter til dei som ønskjer å bu i kommunen</li><li>• Her er framtidsretta og sentrumsnære bukonsept</li><li>• Her er variert butilbod tilpassa ulike behov, inkludert nye buformer som leige til eige, bustader der fleire deler på fellesareal og bustadtomter med naustrett</li></ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Etablerer struktur for samarbeid offentleg – privat innan bustadbygging</li><li>• Kartlegg behovet for ulike butilbod</li><li>• Samordnar behov inn mot utbyggjarar</li><li>• Samarbeider om å finne dei gode løysingane</li><li>• Etablerer systematikk med økonomiske verkemiddel</li><li>• Framsnakkar kommunen</li></ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Brukar bustadutvikling som strategisk verktøy i stadutviklinga i kommunen</li><li>• Arbeider vidare med tettstadutvikling i bygdesentra</li><li>• Har god oversikt og informerer ut om mulege økonomiske verkemiddel</li><li>• Tett samarbeid med Husbanken</li><li>• Informerer jamt ut om status og framdrift</li></ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ledige bustadtomter i alle bygdelaga</li><li>• Tettstadutvikling, senterstruktur og fortetting</li><li>• Avklare naturfare i definerte område</li></ul>

# Hovudmål 2 - Arbeide saman om ei balansert forvaltning av naturen



## Nasjonalpark

Reinheimen Nasjonalpark ligg delvis i Fjord kommune. Vi fekk status som nasjonalpark-kommune i 2020. Føremålet er å stimulere og medverke til lokal verdiskaping og næringsutvikling på ein berekraftig måte, med grunnlag i merkevara *Norges Nasjonalparker*.

## Verdsarv

Geirangerfjorden Verdsarv vart etablert i 2009. Å utvikle kompetanse innan vern, bevaring og formidling av naturarven og å drive berekraftig utvikling av verdsarvområdet er to av føremåla.

## Nasjonal turistveg

Geiranger – Trollstigen er ei av 18 vegstrekningar i landet som er peika ut som Nasjonal turistveg, der køyreturen i seg sjølv skal vere ei oppleveling.

## Pilegrimsleden

Valldalsleden vart opna i 2015. Pilegrimsleden er eit nettverk av historiske vegar til Nidaros, der føremålet er å gje vandraren både ei ytre og ei indre reise.

## Landbruk

Landbruket står sterkt i Fjord kommune, og det skal stimulerast vidare i planperioden. Det er viktig å ta vare på kulturlandskapet og sikre areal som gir grunnlag for matproduksjon.

## Friluftsliv

Naturen, og lett tilgang til den, er noko av det innbyggjarane i Fjord er mest fornøgd med. Fleire verneområde i kommunen, og mykje friluftsliv, krev ei tydleg naturforvaltning.

## Havbruk

Det skjer mykje spennande knytt til havbruk. Utviklingsarbeid, gode fellesløysingar og samordna arealdisponering blir viktige fokusområder framover.



## Fjord er synleg som verdsarv- og nasjonalparkkommune

### Slik vil vi ha det

- Verdsarven og nasjonalparken er merkevarer som innbyggjarane er stolte av og tek vare på
- Verdsarven og nasjonalparken gir grunnlag for næring og verdiskaping i Fjord kommune
- Fjord kommune tek vare på artsmangfaldet
- Vi får fleire miljøsertifiserte bedrifter

### Kva gjer vi i lag

- Arbeider med det autentiske og naturlege
- Tar vare på lokal kunnskap, og legge til rette for informasjonsformidling om naturkvalitetane
- Arbeider for eit berekraftig reiseliv
- Samarbeider om tilrettelegging for friluftsliv, formidling, bygdeutvikling og verdiskaping

### Kva gjer kommunen (organisasjonen)

- Er synleg som verdsarvkommune og nasjonalparkkommune
- God kompetanse i eigen organisasjon
- God dialog med næring og nasjonalparkstyre
- Stimulere til levedyktige bedrifter og heilårs arbeidsplassar
- Bevisst naturforvaltning med balanse mellom bruk og vern

### Føringer for arealdelen

- Sikre verneområda
- Tilrettelegge/kanalisere ferdsel
- Samordne med aktuelt planverk, lokalt og regionalt

## Fjord kommune har eit aktivt landbruk

### Slik vil vi ha det

- Dyrka og dyrkbart areal vert tatt vare på og brukt til matproduksjon
- Stabilt tal på gardar i drift
- Produksjon av trygg og kortreist mat
- Velhalde kulturlandskap

### Kva gjer vi i lag

- Aktiv forvaltning av kulturlandskapet
- Verdset verdiane landbruket bidreg med – som velhalde kulturlandskap og fine seterstølar

### Kva gjer kommunen (organisasjonen)

- Aktivt forhold til bu- og driveplikt
- Bevisst bruk av LNF-område
- Samarbeid for å unngå konfliktar mellom fritids- og næringsinteresser i friluftslivet
- Involverer landbruket i næringsarbeidet

### Føringer for arealdelen

- Sikre dyrka og dyrkbart areal i størst mogleg grad, for matproduksjon
- Kartlegge beiteområde for å synleggjere mogleg konflikt mellom anna bruk og utnytting

Fjord kommune har eit rikt friluftsliv		Fjord kommune ivaretak naturmangfald	
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innbyggjarane har høve til ei aktiv fritid i naturen</li> <li>• Innbyggjarane og tilreisande kjenner til det varierte friluftslivet i Fjord kommune</li> <li>• Tilgang til friluftsområde nær bustadfelt</li> </ul>	<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eit rikt og variert naturmangfald</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeide systematisk med merking og rydding av turstiar</li> <li>• Tilrettelegging av utfartsstadar</li> <li>• Utviklar gode naturmøteplassar</li> </ul>	<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bekjempar og hindrer spreiing av uønska framande artar</li> <li>• Styrkar kunnskapen om og omsynet til naturmangfaldet i kommunen</li> <li>• Sikre viltet sitt mangfald og minimalisere konflikt mellom vilt og samfunn</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeider heilskapleg med friluftsliv</li> <li>• Koordinerer med vernemynde og samarbeidspartar</li> <li>• Arbeider planmessig med tilrettelegging</li> </ul>	<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har kompetanse på naturforvaltning</li> <li>• Lar naturen få reell vekting i plansaker</li> <li>• Sørger for at all informasjon om natur i kommunen er tilgjengeleg for forvaltninga</li> </ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Definere friluftsområde</li> <li>• Setje av areal til lågterskel friluftsliv</li> <li>• Samordning med aktuelt planverk</li> </ul>	<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre ivaretaking av naturområder, og samanhengen mellom dei</li> <li>• Ta omsyn til artar og naturverdiar – balanse mellom bruk og vern</li> <li>• Forvalte sjøarealet på ein berekraftig måte</li> </ul>

# Hovudmål 3 - Skape gode vekstvilkår for eit berekraftig næringsliv – miljømessig, sosialt og økonomisk



For å sikre velferd for framtida sine generasjonar må vi ha ei berekraftig og inkluderande økonomisk utvikling.

Som samfunnsutviklar skal kommunen ta ei aktiv rolle for å utvikle ein attraktiv og inkluderande kommune i lag med innbyggjarar, næringsliv og frivilligheita. Bevisst arbeid med infrastrukturprosjekt og god tilgang til bustadar er viktig for at næringslivet skal utvikle seg.

Delmåla i *Strategisk næringsplan* er

- Stort tilsig av nyetableringar
- Utvikling av etablerte verksemder

Fjord kommune har eit allsidig næringsliv med lange tradisjonar. Potensialet for utvikling er stort, og det må utviklast i tett samarbeid mellom næringslivet og kommunen.

Det er viktig at vi kan tilby sommarjobbar og lærlingplassar for ungdommane i kommunen vår. Vi må også halde kontakt med dei når dei reiser vekk for å ta utdanning, jf. 10 råd frå Ungdommens distriktspanel. Arbeidslivet må synleggjerast for denne gruppa.

Eksisterande næringer og verksemder må få gode rammevilkår for utvikling, som til dømes naudsynt kompetanse og tilgang på kapital. Fjord kommune skal vere kommunen som etablerarar og gründerar ønskjer seg til og kjenner seg velkomne i.



<b>Fjord kommune skal gi næringslivet og verksemndene gode vekstvilkår</b>	
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Utvikling av nye og etablerte verksemder</li><li>Etablerte og nye verksemder opplever at det er mogleg å utvikle seg i Fjord kommune</li><li>Naudsynt infrastruktur er på plass</li></ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Utnyttar naturgitte føresetnadar</li><li>Betrar vegstandard og annan infrastruktur, også gang- og sykkelvegar</li><li>Har godt tilbod for lærlingar</li><li>Synleggjer lokal og regional arbeidsmarknad for å fremje rekruttering</li><li>Utviklar etablerte verksemder</li><li>Har ein offensiv og optimistisk utviklingskultur</li></ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Samarbeid mellom oppvekstsektor og næringslivet</li><li>Sørger for kort veg frå ide til avgjerd gjennom vegleiing</li><li>Har ledig næringsareal</li><li>Etablerer tilgang til fiber i heile kommunen</li><li>Er støttespelar i møte med regionale og nasjonale mynde</li><li>Er framoverlent og har eit kompetent, lokalt verkemiddelapparat</li><li>Medverkar til vekst gjennom forretningsutvikling og kapitalinnhenting</li><li>Utarbeider lokal transportplan med aktuelle infrastrukturprosjekt</li><li>Har gode samarbeidsarenaer</li><li>Brukar strategisk næringsplan aktivt</li></ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Setje av naudsynt areal til næringsutvikling (eventuelt føringar for kvar)</li><li>Bruke fellesføresegner til å legge til rette for gang og sykkelveg i nye prosjekt</li></ul>

Fjord kommune er eit trygt og inkluderande samfunn		Fjord kommune har godt omdøme	
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Systematisk førebygging medverkar til eit trygt lokalsamfunn</li> <li>• Hindre utanforskap</li> </ul>	<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fjord kommune er attraktiv for næringsliv, innbyggjarar og tilreisande</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utjamnar konsekvensane av sosiale skilnadar, med fokus på sårbare grupper</li> <li>• Arbeider for auka sysselsetjing blant utsette grupper</li> <li>• Skapar gode høve for arbeidstrening og inngang i arbeidslivet</li> </ul>	<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Synleggjer kommunen som samfunn gjennom eiga nettside</li> <li>• Synleggjer Fjord som fritidskommune</li> <li>• Har felles marknadsføring av ledige stillingar</li> <li>• Bygg omdøme og synleggjere alt som er bra</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeider systematisk med samfunnstryggleik og beredskap</li> <li>• Kartlegg utfordringar knytt til utanforskap i arbeidslivet</li> <li>• Stimulerer næringslivet til inkludering</li> <li>• Har oppdatert beredskapsplanverk og ROS-analyse</li> </ul>	<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Er ein tydleg samfunnsutviklar</li> <li>• Utarbeider bevisst kommunikasjonsstrategi</li> <li>• Har tett samhandling med næringsliv og nabokommunar</li> <li>• Gjer Fjord kommune synleg som ein attraktiv industrikommune for næringar i det grøne skiftet.</li> </ul>
<b>Føringer for arealdelen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartlegge risiko i eksisterande og nye utbyggingsområde</li> <li>• Vurdere behovet for klimasikring i eksisterande område</li> </ul>	<b>Føringer for arealdelen</b>	

# Hovudmål 4 – Vere ein handlekraftig og innovativ kommune som utviklar framtidsretta tenester



Kommunen si rolle og arbeidsmetodar er i endring. Brukarmedverknad, innbyggardialog og samarbeid skal leggast til grunn for samfunnsutvikling og utvikling av tenestetilbodet. Tillit skal sikrast med openheit, god informasjon og vilje til å lytte.

## Sosial berekraft

Vi arbeider saman for å skape gode liv og like moglegheiter

## Økonomisk berekraft

Fjord må ha eit tenestetilbod som er tilpassa dei økonomiske rammene

## Klima og miljømessig berekraft

Fjord skal føre klimarekneskap og klimabudsjett

Vi skal sikre at Fjord kommune er robust og berekraftig også i framtida. Gjennom kunnskap skal vi tilpasse samfunnet til klimaendringane, og setje i verk tiltak som hindrar eller reduserer skade på bebyggelse og kritisk infrastruktur.

Demografiske endringar og økonomisk taktskifte gjer at det er behov for endring og omstilling. Tenestetilbodet skal vidareutviklast slik at det tek vare på det økonomiske handlingsrommet vi til ei kvar tid har. Dette inneber ei tydeleg prioritering frå politikarane, samt eigarskap og forankring i organisasjonen hos alle som skal utføre tenester.

Kommunen skal arbeide for å vere ein konkurransedyktig arbeidsgjevar.



I Fjord kommune skapar vi framtida i fellesskap		Fjord kommune er ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar	
Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareutvikle gode tenester ved bruk av ny teknologi og digitale løysingar</li> <li>Legge innbyggjardialog og samarbeid til grunn for utvikling av kommunen og tenestetilbodet</li> </ul>	Slik vil vi ha det	<ul style="list-style-type: none"> <li>Dei tilsette kjenner eigarskap til kommunen som organisasjon</li> <li>Dei tilsette opplever tillit og respekt</li> <li>Mangfold og inkludering på arbeidsplassen</li> <li>Moglegheit til kompetanseheving</li> </ul>
Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeidar og samhandlar tett med innbyggjarar, næringsliv og det frivillige</li> <li>Utviklar gode arenaer for innbyggjardialog og samskaping</li> <li>Har fokus på universell utforming</li> </ul>	Kva gjer vi i lag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vi har praksis og lærlingplassar</li> <li>Vi har fokus på mangfold i tilsetting</li> <li>Vi har ein inkluderande arbeidsgjevarpolitikk</li> <li>Har arbeidsplassar der det er rom for å feile og tenke nytt</li> </ul>
Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tek i bruk enkle, digitale løysingar</li> <li>Har gode prosessar på tenesteutvikling</li> <li>Har eit tenestetilbod tilpassa økonomiske rammer</li> <li>Arbeider systematisk for å inkludere alle i arbeidslivet</li> <li>Sikrar innsyn i kommunen si verksemd</li> </ul>	Kva gjer kommunen (organisasjonen)	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har tilsettingsrutinar knytt til lærlingar og mangfold</li> <li>Har fokus på kompetanseutvikling, kunnskap og innovasjon</li> </ul>
Føringar for arealdelen			

Fjord kommune har gode og målretta tenester med rett kvalitet og omfang		Fjord kommune er ein klimaklok og miljøbevisst organisasjon og samfunnsaktør
<b>Slik vil vi ha det</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Eit berekraftig tenestetilbod som er tilpassa økonomisk handlingsrom til ei kvar tid</li> <li>Gode kommunale tenester i alle livsfasar</li> </ul>	<b>Slik vil vi ha det</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Målretta arbeid for å redusere risiko knytt til klimaendringane.</li> <li>Robust infrastruktur i møte med framtidige klimaendringar</li> <li>Aktivt bidrag for å nå klimamål</li> <li>Balansert utnytting og vern av viktige område</li> </ul>
<b>Kva gjer vi i lag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prioriterer førebygging og tidleg innsats</li> <li>Arbeider tverrfagleg for å gi heilskapleg og koordinert tenestetilbod</li> <li>Tek i bruk velferdsteknologi for å gi innbyggjarane auka livskvalitet og meistring, og for å auke kommunen sin omsorgskapasitet</li> <li>Arbeider med omsorgstrapp og tenesteutvikling</li> </ul>	<b>Kva gjer vi i lag</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Miljøsertifiserer fleire bedrifter</li> <li>Utviklar infrastruktur slik at den er robust mot framtidige klimaendringar</li> <li>Arbeider aktivt med å redusere eigne utslepp og energibruk</li> </ul>
<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Har ein sunn økonomi</li> <li>Set av reserver i rekneskapen i samsvar med kommunen sitt vedtak om økonomiske måltal.</li> <li>Sikrar samanheng i læringsløpet frå barnehage til ungdomsskule</li> <li>Arbeider kunnskapsbasert og deler erfaringar</li> </ul>	<b>Kva gjer kommunen (organisasjonen)</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kartlegg klimarisiko</li> <li>Har ein levande klima- og energiplan</li> <li>Fører klimabudsjett og klimarekneskap</li> </ul>
<b>Føringar for arealdelen</b>		<b>Føringar for arealdelen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Fare- og omsynssoner for skred, flaum og bølgje</li> <li>Sikre drikkevassforsyning og handtering av overflatevatn.</li> <li>Sikre føresegner for ivaretak klimatilpassingar</li> <li>Vurdere utbyggingsområde i tilknyting til eksisterande tettstader og grender</li> </ul>